

Nordhordland kompetanseregion

for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenoppl ring

Austrheim, Fedje, Lind s, Masfjorden, Meland, Modalen, Oster y og Rad y

Referat fr  styrem te 06/18 – 03.10.18

Nordhordland kompetanseregion

Referat vert sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

M tet fann stad p  Nordhordland folkeh gskule.

Desse m tte: Kristin Moe, Bodil Boie Brekkan, Reidun Elin Johannessen, Astrid B.  vsthus, Linda Husa og Rita Ludvigsen.

Meldt forfall: Jahn Olav Nordheim og Olaf M Hella.

Leiar Kristin Moe  nska velkomen. Styret  nskte Rita Ludvigsen velkomen i regionsamarbeidet. Ho tok til som oppvekstleiar i Masfjorden 01.10.18.

55/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

56/18 GODKJENNING AV REFERAT FR  M TE 31.08.18

Merknad: Viser til sak 51/18 Skuleruta. Det var f rt inn feil dato for planleggingsdag.

Retting: Konklusjon: Det vert lagt opp til felles planleggingsdag 31.01.20.

Vedtak: Referat fr  m te 31.08.18 vart godkjent med merknad til sak 51/18.

57/18 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING - DEKOMP

Status:

Oster y: Har hatt tidlegare hatt ein overordna kompetanseplan. Hadde ei kartlegging d  me la plan for DEKOMP. Gjorde prioriteringar. Brukar ha ei kartlegging etter nytt r, behov for kompetanse p  skulane og for tilsetjing.

Masfjorden: Behov for å gjere seg kjent.

Fedje: Kartla i samband med DEKOMP. Planen som ligg for NKR er utforma på bakgrunn av kartlegging gjort i kommunane. Behov for forventningsavklaringar med UH. Viktig at UH er kjend med behovet på den einskilde skule for å treffe godt. Har forventningar til startmøte med UH. Viser til stortingsproposisjonen om DEKOMP: UH har ansvar for å levere innhaldet. Skulane som skal delta må vere førebudde på å presentere sitt kompetansebehov. NKR: Spør etter dato. Positiv til å sjå heilskap.

Meland: Har ein kompetanseplan med prioritert område. Er meldt inn i det som NKR har i sine planar.

Lindås: Har per i dag ikkje ein oppdatert kompetanseplan. Har behov for å sjå ein heilskap i kompetansebehovet – frå skule/barnehage – på kommunenivå og i NKR. Behov for å sjå heilskapen, kva er behovet, kva skal me satse på kvar for oss og saman.

Austrheim: Har ein funksjonell kompetanseplan. Mogen for revisjon. Ser også behov for å trekkje barnehage og skule saman. Har ein del samarbeidsforum. Er oppteken av assistentar/SFO. Viktig at NKR tilbyr kurs for desse. Set at det også kan vere viktig at assistentane også deltek på tema som har med grunnleggjande ferdigheiter å gjere. Klar for ein heilskapleg plan.

Styret drøfta saka.

Leiar gjorde framlegg om å setje ned ei arbeidsgruppe med 3 personar som utarbeidar ein langsiktig plan for dei neste 5-6 åra.

Planen kan ha ei slik oppbygging:

Overordna del – for heile perioden

- No-situasjon
- Statlege føringar – Desentralisert kompetanseutvikling
- Lokale føringar

Handlingsplan – for 1-2 år som skal rullerast

- NKR
- Kommune
- Skule/barnehage

Det vart gjort framlegg om følgjande medlemar i arbeidsgruppa: Koordinator, Reidun Elin Johannessen og Bodil Boie Brekkan.

Gruppa avtalar dato og vel ein leiar på første møte.

Vedtak: Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som utarbeidar kompetanseplan for NKR. Medlemar: Reidun Elin Johannessen, Bodil Boie Brekkan og Dina Dyrhovden. Gruppa avtalar dato og vel ein leiar på første møte.

58/18 REGIONAL SKULELEIARSAMLING 01.-02.11.18

Status for samling: Det var ca. 60 påmelde. Gjennomgang og påminning til nokre skuleleiarar.

Søknad om OU-midlar er sendt for alle kommunane.

Arbeidsfordeling på samlinga:

- Opning: v/ leiar Kristin Moe
- Gruppeinndeling – koordinator i samarbeid med førelesarar. Det er ynskje om variasjon i summegrupper. Styret har behov for 1,5 t møtetid ila fredag 02.11.
- Leiing middag: Linda Husa Velkomen, kontakt med kjøkkenet – kulturinnslag – takkformaten-tale.
- Koordinator undersøker og tingar kulturinnslag om kvelden
- Takke av førelesarar og avslutte samlinga -- Olaf Hella/Astrid Brandal Øvsthus. Koordinator ordnar med ei lita gåve til førelesarane.

Vidare arbeid:

Dei som har oppgåver førebur seg på dette. Koordinator held tråden i samlinga og kommuniserer med dei aktuelle.

59/18 LA LINEA

Torleiv Frotjold presenterte La Linea og demonstrerte korleis La Linea fungerer.

- Heimesida til verktøyet: Health Line
<https://www.healthline.no/nynorsk/hjem>
- Fast pris. Inkluderer alle oppdateringar som evt måtte kome. Lisens på kr 30.000,-/år.
- La Linea tilbyr testbrukarkonto til kommunane.

Oppfølging: Det vart avtala at koordinator sender e-postadressene til styremedlemane til Torleif Frotjold.

60/18 GRUNNSKULEFAGLEG NETTVERK

Styret gjekk gjennom mandatet.

Drøfting.

Vidare arbeid: Leiar Kristin Moe tek med innspela i neste møte i nettverket.

61/18 OPPLÆRINGSLOVA § 9a

Erfaringar i kommunane – aktuelt

Osterøy	<p>Saka står på agenda på rektormøter. Det vert skrive tiltaksplanar. Ikkje saker hjå FM. FM bad om å få inn kor mange tiltaksplanar som er laga per skule. Held på å lage oversyn på dette. Dokumentasjon – ulik forståing av kva som skal dokumenterast.</p> <p>Læringsmiljøprosjektet: Barneskulane deltok. Mobbetala gjekk kraftig ned på barnesteget. Negativ utvikling på u-tinnet. Har gripe fatt i ein del av det som b-skulane har gjort.</p> <p>Spekter vert nytta på heile mellomtrinnet– ikkje anonym elevundersøking. Sosiogram som vert analysert og sett inn tiltak på. PPT kan vere med på analysen og vere med på rådgjeving. Familiens hus er også tilgjengeleg.</p>
Lindås	<p>Laga nye retningslinjer hausten 2017. Sak på rektormøte ved skulestart. Har etablert årshjul for skuleeigar si oppfølging av desse retningslinjene. Refleks og oppfølgingssamtalar med rektor. 2-3 kontaktar frå FM. Har mange tiltaksplanar og barn som melder om ikkje godt nok læringsmiljø elevundersøkinga. Har tilsett miljøarbeidar.</p>
Meland	<p>Eige prosjekt bestilt av politikarane. Prosjektleiar i 100 % stilling. Team for Trygt og godt miljø nyetablert. Rådgjev og mobiliserer i vanskelege saker. Har hatt 2 saker. Prosedyrar for arbeidet under utarbeiding. Høve til å opprette eigne team på kvar skule/bh/fritid.. 30 tiltaksplanar førre skuleår. 10-15 til no. 1 sak til FM. Forsvarleg system i Meland: Elevundersøkinga, Refleks og oppfølgingsmøte med rektorar.</p>
Fedje:	<p>Informasjon til elevar/foreldre/skule. Tiltaksplanar.</p>
Masfjorden	<p>Ikkje saker til FM. Aktivitetsplanar er skrive. Nytilsett oppvekstleiar vil setje fokus på dette.</p>
Austrheim	<p>Laga strategisk plan. Informasjon ut saman med NKR hausten 2017. Ofte på dagsorden. Elevundersøkinga vert gjennomført. Ingen saker til FM. Tiltaksplanar med oppfølging. Informasjon på foreldremøte.</p>

62/18 LÆRINGSPLATTFORM

Styret er orientert om status gjennom e-post frå prosjektleiinga.

63/18 BUDSJETT 2019

Budsjettet for 2019 var sendt ut før møtet.

Koordinator orienterte.

Styret drøfta saka.

Vedtak: Budsjett for NKR for 2019 vart vedteke. Vedlagt.

64/18 SKRIV OG MELDINGAR

a) Kurs/samlingar

- Sjå katalogen her:
<https://nordhordland.knowledgeportal.no/#/mysearch/search-tag/catalog/2371>
- Nynorsk med dei minste – fullført 25.09.18
- Nettverkssamling Nyutdanna Nytilsette lærarar skule – Ny dato 19.10.18
- Nettverkssamling Nyutdanna nytilsette lærarar, barnehage – 16.10.18
- 09.11.18: Planleggingsdag. Tilbod frå regional barnehagegruppe - NKR som kompetanseheving for barnehagar:
 - a. Dialogisk lesing
 - b. Matematikk i kvardagen
 - c. Leik-Læring-Omsorg – Danning – Ny rammeplan- kva er di rolle?

b) Møte 05.09.18 i koordineringsgruppa for PPT-nettverket i Nordhordland. Styret må velje ny representant til koordineringsgruppa for PPT. Vert sett opp som sak på neste møte.

65/18 NESTE MØTE

Skuleleiarsamling Voss 01.- 02.11.18 Koordinator får lagt inn møtetid i ei aktuell tid der det er gruppearbeid på tvers av kommunane. 1,5 time.

06. – 07.12.18: FM har kalla inn til samling på Solstrand.

Ordinært møte: 14.12.18 – siste møte før jul

66/18 MOGELEGE ANDRE SAKER

Ingen saker.

Knarvik 05.10.18

Kristin Moe
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator

Vedlegg

LINDÅS KOMMUNE		Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Framlegg	Merknader
28.9.2018		2017	2017	2017	2018	2018	2019
Eining: 18 STABSTENESTER							
Teneste: 2024 NORDHORDLAND KURSREGION							
13501	TENESTEKJØP FRÅ INTERKOMMUNALE TILTAK		per 13.11.17		per 25.09.18		
	Sum utgifter	200		212		206	Lindås kommune
		200		212		206	
Sum teneste: 2024 NORDHORDLAND KURSREGION							
Teneste: 2901 NORDHORDLAND KURSREGION							
10100	FAST LØNN	310	284		317 kr	228 882,74	375
10500	ANNA LØNN	0	0	1	0 kr	10 114,60	17
10502	SKATTEPLIKTIG HONORAR	0	0	2	0 kr	-	0
10801	MØTEGODTJERSLE FOLKEVALDE	0	0	17	0 kr	-	0
10900	PENSJONSINNSKOT	58	48		51 kr	37 974,78	60
10905	ULUKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	0	0	0	0 kr	-	0
10990	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	52	50		52 kr	39 053,10	53
11150	MATVARER, BEVERTNING	15	64		0 kr	-	0
11151	SERVERING MØTEKURS	0	0	0	15 kr	57 555,57	15
11200	ANNA FORBRUKSMATERIELL, TENESTER	100	0		100 kr	-	0
11205	GÅVER	0	0	1	0 kr	1 522,55	2
11301	TELEFON	3	1		3 kr	641,91	3
11400	ANNONSAR	0	0	17	0 kr	-	0
11402	BEVERTNING OG REPRESENTASJON	0	0	8	0 kr	-	0
11500	OPPLÆRING KURS, KONFERANSER	0	17		0 kr	-	9
11600	SKYSSKOSTGODTJERSLE OPPGÅVEPLIKTIG	0	0	5	0 kr	1 216,50	5
11601	KM-GODTJERSLE, BIL	5	3		5 kr	-	5
11653	KONSULENTHONORAR, LØNN	0	77		0 kr	-	0
11700	REISEUTGIFTER ETTER REKNING	0	0	11	0 kr	15 066,26	0
11900	HUSLEIGE LEIGE AV LOKALE OG GRUNN	0	17		0 kr	44 506,43	0
11950	AVGIFTER/GEBYR/LEISENER	0	0	0	0 kr	280,00	0
12000	INVENTAR OG UTSTYR	0	3		0 kr	-	0
12700	KONSULENTTENESTER IKKJE OPPGÅVEPLIKTIGE	0	0	0	0 kr	12 287,00	0
12900	INTERNKJØP	0	0	0	0 kr	-	0
13500	TENESTEKJØP FRÅ ANDRE KOMMUNAR	50	0		50 kr	-	50
13700	TENESTEKJØP FRÅ ANDRE PRIVATE	0	0		0 kr	33 474,40	0
14290	MOIMS GENERELL KOIMP.ORDNING	6	5		6 kr	12 243,82	6
14500	Overføring til kommunar	0	0	0	0 kr	-	0
14700	Overføring til private	0	0	0	0 kr	50 000,00	0
15500	AVSETNINGAR TIL BUNDNE FOND	0	0	0	0 kr	-	0
	Sum utgifter	599	631		599 kr	544 819,66	600
16200	SALAV VARER OG TENESTER, GEBYRER, DIV.IN	0	-263		0 -kr	67 300,00	0
16900	FORDELTE UTGIFTER	-142	0		-142 kr	-	-206
17000	REFUSJONAR FRÅ STATEN	0	0		0 kr	-	0
17290	KOMPENSASJON FOR MERVEDJAVGIFT	-6	-5		-6 -kr	12 243,82	-6
17300	REFUSJONAR FRÅ FYLKESKOMMUNAR	-50	-50		-50 kr	-	0
17500	REFUSJON FRÅ KOMMUNAR	-401	-398		-401 -kr	404 000,00	-388
17700	REFUSJON FRÅ ANDRE PRIVATE	0	0		0 -kr	6 194,00	0
19500	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-599	-807		-599 -kr	665 951,82	-600
	Sum inntekter						
	Sum teneste: 2901 NORDHORDLAND KURSREGION	0	-176		0 -kr	121 132,16	0

